

Feriejobb som budeier i Raundalen.

29.06.2012



Dei to budeiene famfor kyr på heimegarden til Eirin. Desse er av rasen Limosin og er kjøttfe. På stølen ventar mjølkekryr.

Uskedalsjenta Eirin Rørheim Kjærland, 17 år, og klassevenninna Inger Marie Opedal frå Bømlo har fått ein sommarjobb som dei gleder seg storleg til! Dei to jentene som nettopp er ferdige med 1. året på jordbrukslinna ved Voss vidaregåande skule, skal nemleg tilbringa juli månad som budeier på ein støl i Raundalen ovanfor Palmafossen ved Voss. Der skal dei ha ansvaret for 31 mjølkekryr.

Når eg snakkar med dei to jentene, skjønar eg med ein gang at dette er ein drøymejobb!

- Korleis i alle dagar fekk de tak i denne jobben då? spør eg. Ivrige fortel dei to mest i munnen på kvarandre: - Det var Arild som spurde om nokon i klassen kunne tenkja seg dette som sommarjobb. Mange var interessert, men vi var nok to av dei ivrigaste! Vi hadde veldig lyst på dette, og etter ei stund fekk vi vita at vi var dei to heldige som fekk denne jobben.

Etter kvart skjønar eg at Arild er læraren deira, og i tillegg får eg vita at han er ein av bøndene som skal ha kyr på stølen. Til saman skal dei to jentene ha ansvaret for 31 mjølkekryr som skal mjølkast morgen og kveld. Då tar dei kyrne inn i mjøkestallen. Heldigvis har dei mjølkemaskin som går på dieselagggregat til hjelp. Dessutan går det grusvei fram til stølen slik at det kjem ein mjølkebil og hentar mjølka. Dermed slepp dei ysting og kinning!

Stølen vart bygd opp for 40 år sidan. Jentene skal bu i eit spesielt lite budeiehus.

- Budeiehuset har eit spesielt namn, men det hugsar vi ikkje no.

Dei vert ganske åleine, men ser fram til å klara å styra seg med alt sjølv. For å handla må dei ned til Palmafossen. Transporten dit er ikkje noko problem, for dei har ein ATV til disposisjon som dei kan bruka på den turen.

Eg lurer litt på om dei ikkje er redd for at det kan bli litt lange dagar, og på kva dei skal fylla dagane med innimellanom mjøkestellet når kyrne er på beite. Då er planane at dei skal mal og vedlikehalda litt, dei skal fiska i eit vatn som ligg nedanfor stølen, og dei håpar på fine turar i området. - Og så er det venner frå skulen og sånn som har sagt at dei har lyst å besøkja oss! Vi håpar verkeleg på ein fin sommar! Då blir dette ei oppleveling for livet, er Eirin og Inger Marie samstemte om. - Vi gleder oss veldig!!

Eg skjørar godt at dei to driftige ungdommane ser fram til månaden saman med kyrne på stølen i Raundalen. Det blir ikkje berre ein månad fylt med flotte opplevingar. Det vert og ei kjempegod erfaring å ha med seg vidare ut i yrkeslivet. Det vert noko ekstraordinert å ha på CV'en!!
Eg ønskjer dei lykke til, og ser fram til å høyre frå dei om livet på stølen.

Av: Thor Inge Døssland.

PS: Dersom de veit om andre som har feriejobbar som er litt spesielle, ønskjer vi tips om det: Ola Matti, 993 71 325, og Thor Inge, 932 88 237.



Både Eirin og Inger Marie har godt lag med kyrne!